







MØTEBOK - PROTOKOLL

Møtestad Vågå kommunehus	Møtedato: 5. februar 2020	Frå kl. 10:00	Til kl. 14:00
Møteleiar:	Svein Holen		
Møteinnkalling: (kunngjering)	Innkalling av 24. januar 2020.		
Representantar som er borte:			
Vararepr. som er tilstades:			
Til stades:	I alt: 4	Av desse ordinære medl.: 3	
Merknad:	Ingen merknad.		
Andre frammøtte:	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka Revisor Anne Hesthagen		
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 01-06/2020		
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.		
Underskrifter:	 Svein Holen	 Matthias Hauge	 Ole Damstuen
		 Lene Marit Flatum	

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Vågå kommunestyre, ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til innkalling og sakliste.



**VÅGÅ KOMMUNE
KONTROLLUTVALET**

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	5. februar 2019	Kontrollutvalet	01/20

Vedlegg:

- Framlegg til årsmelding 2019
- Oppfølging KU 2019

KONTROLLUTVALET'S ÅRSMELDING FOR 2019

Ifylgje kommunelova § 22-1 (tidlegere lov § 76) har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret velger sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommuneloven § 23-5 (tidlegere lov § 77 nr. 6) skal kontrollutvalet rapportere om verksemda til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Rapportering til kommunestyret for året 2019 skjer med dette i form av kontrollutvalgets årsmelding for 2019.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2019 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka og stilte spørsmål om einskilde høve. Utover det hadde ikkje utvalet spesielle kommentarar til forslaget.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2019 til orientering.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	5. februar 2020	Kontrollutvalet	02/20

Vedlegg:

- Revisors vurdering av uavhengighet for 2019
 - o Oppdragsansvarleg revisor
- Dagleg leiar – egenvurdering av sin uavhengighet

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT

Kontrollutvalet har oppgåver med regnskapsrevisjon etter Kommuneloven § 23 -2 og Kontrollutvalgsforskriftens kapittel 3. (Tidlegare lov § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.)

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at regnskapa blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytta til fleire tilhøve:

- At revisjonen skjer i samsvar med lov, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen fylgjer eventuelle avtaler som revisor og Kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller ansvaret for å sjå til at revisjonen blir utført på en forsvarleg måte ved bl.a. å vurdere opplysningar og dokumentasjon frå revisjonen . Dette kan blant anna omfatte revisor sin uavhengighetserklæring.

Sekretæren har vurdert revisors egenvurdering om uavhengighet for 2019 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisors egenvurdering om uavhengighet til orientering.

Handsaming:

Revisor orienterte om vurderingane. For oppdragsansvarleg revisor er det vurdering for rekneskapsåret 2019.

Vurderingar 2020 for dagleg leiar og forvaltningsrevisorar i Innlandet Revisjon var ettersendt ordinær innkalling.

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til vurderingane.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisors egenvurdering om uavhengighet til orientering.

Samrøystes

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	5. februar 2019	Kontrollutvalet	03/2020

Vedlegg:

Innlandet Revisjon IKS: Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2019

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2019

Etter gjeldande avtaler legg Revisjon Innlandet IKS fram overordna revisjonsstrategi 2019. Strategiplanen beskriv revisjonsomfanget og tidsplanen. Vidare er den bakgrunn for styring av oppdraget og gjev føringar for revisjonsplanen. Hovudtrekka i overordna revisjonsstrategi har desse hovudpunkta:

- Inndeling revisjonsområde
- Risiko- og vesentlegheitsvurderingar
- Tidspunkt for gjennomføring og styring
- Metodikk
- Identifiserte vesentlege risikoområde

Arbeidet med revisjonen vil rullerast etter kvart som revisjonen blir utført. Innlandet Revisjon vil kommunisere dette undervegs. Revisor stiller på møtet for nærare orientering.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Revisor orienterte om saka, gjekk gjennom arbeidsprosessen og svara på spørsmål frå utvalet. Revisor orienterte spesielt om forenkla etterlevelseskontroll. Kontrollen vil spesifikt ha fokus på kommunale anskaffelsar.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
Samrøystes.



**VÅGÅ KOMMUNE
KONTROLLUTVALET**

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		5. februar 2020	Kontrollutvalet	04/2020

Vedlegg:

Avregning total ressursbruk 2019
Årsrapport 2019

INNLANDET REVISJON IKS – ÅRSRAPPORT OG AVREGNING 2019

Oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS 2019 vart handsama i sak nr. 20/2018 den 17. oktober 2018. Denne gjev grunnlag for fakturering gjennom året. Etter avtalen skal tenesten avreknast etter reelt ressursbruk.

Avrekninga syner mindreforbruk andsynes oppdragsavtalen. Differansen for tenesteyting utgjer kr. 113 484. Med frådrag for tilleggsinnbetaling til pensjonsfond, utgjer differansen kr. 46 184. Dette går til frådrag inneverande år.

Revisor deltek på møtet med nærare orientering.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka utan spesielle kommentarar.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.
Samrøystes

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		5. februar 2020	Kontrollutvalet	05/2020

Vedlegg i egen sending/arbeidsdokument:

Utkast/oversikt risiko- og vesentlegheitsvurdering
 Årsplan 2020

ARBEIDSMØTE

For vidare arbeid i 2020 går kontrollutvalet gjennom desse tilhøva:

- Reglement for kontrollutval i Vågå kommune
 - o Det er vedteke ny kommunelov, som gjev at det må oppdaterast
 - o Reglementet må også vurderast andsynes offentleglova, yringsfridom og forvaltningslova
- Årsplan 2020
 - o Kontrollutvalet går gjennom oversikt over saker og oppgåver 2020
 - Kontrollutvalet vurderer sjølv aktuelle saker
 - Planen må rullerast gjennom året
 - o Kontrollutvalet fastset møteplan 1. halvår 2020
- Risiko – og vesentlegheitsvurdering
 - o Kontrollutvalet går gjennom utkast/oversikt for vidare vurdering
 - o Vurderinga skal gje grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
 - Vedtakast i løpet av 2020

Handsaming:

Sekretær gjekk gjennom førebels arbeid med utkast til risiko- og vesentlegheitsvurdering. Utvalet drøfta forskjellige tema for vidare vurdering. Dei forskjellige tema blir innarbeidd i årsplanen og vurdert i arbeidsmøte for vidare utgreiing.

Utvalet vurderer som sentralt tema for forvaltningsrevisjon:

- Helse/omsorg, der sentrale problemstillingar er koordinering av forskjellige samarbeidsordningar i 6K med tanke på demokratisk styring og krav til tenesteyting.

Utvalet drøfta desse tema for vidare vurdering og orientering:

- Personvern ved auka digitalisering, som datasikring og GDPR
- Personvern i skulen ved auka bruk av IKT-hjelpemiddel
- Pasientsikkerheit helse/omsorg, t.d. ernæring og samstemming av medisiner

- Varslingssystem og rutinar internt i organisasjonen og tiltak ved avvik
- Varslingssystem og rutinar ved varsling og klager frå publikum

Kontrollutvalet ber sekretær hente inn evt. register for aksjar, eigarinteresser og verv som omfattar dei folkevalde.

Sekretær set i gang arbeid med vurdering av reglementet for kontrollutvalet. Arbeidet vurderast i seinare arbeidsmøte.

Forslag til møtedagar fyrste halvår 2020:

5. februar

12. mars

23. april

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
- 2) Kontrollutvalet vedtek møteplan 1. halvår 2020 som forslaget
Samrøystes

**VÅGÅ KOMMUNE
KONTROLLUTVALET****MØTEBOK**

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		5. februar 2020	Kontrollutvalet	06/2020

OPEN POST

Revisor orienterte om notat frå Innlandet Revisjon IKS om NRK-oppslag vedr. Innlandet fylkes val av revisjonsløyising.